



Tore Mjåtvedt
Sagstadvegen 39
5919 Frekhaug

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/3595 - 22/52921

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
28.06.2022

Svar på spm som gjeld bruk av løe og redskapshus - gbnr 324/4 Langeland

Ny gang og sykkelveg mellom Frekhaug senter og Sagstad skule gjer at driftsbygning på gbnr 324/4 må rivast. Sjølv om ikkje bruket er i sjølvstendig drift i dag kan det i framtida vera trong for å ha ein driftsbygning. I utgangspunktet er det drifta på garden sitt behov for bygningar som ligg til grunn for storleik og plassering av eit slikt bygg. I denne saka har samfunnet sine interesser for tryggare vegar for mjuke trafikantar medført at den eksisterande løa må rivast. Det er då rimeleg att det vert gitt løyve til å føra opp bygg med same funksjon, men endra plassering.

Landbruksavdelinga har ingen merknader til den planlagde plasseringa eller storleiken på bygget. Det er ein føremon at bygget ligg på same side som den dyrka marka med tanke på transport av gjødsel, for m.m.

Markedshage eller parsellhagar kan vera aktuell bruk av jordbruksarealet og interessa for dette er aukande i befolkninga. Det kan vera fornuftig å ha eit bygg til lagring av reiskap m.m.

Bygningen skal i utgangspunktet nyttast til landbruksdrifta. Lagring av reiskapar og ved knytt til drift av garden er i tråd med planføremålet LNF (landbruk, natur og friluftsliv)

«Bruk til annet formål i perioder, eller bruk av del av bygningsmasse, kan være tillatt». Jf rettleiar garden som ressurs s.9 driftsbygningar i landbruket. Kor stor del som skal leigast ut til anna næring vil vera ein del av byggesaksvurderinga og bør synast på teikningane. Landbruksavdelinga vil vanlegvis få byggesøknader på landbrukseigedomar til uttale og vil sjå meir på saka då.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge

Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Tore Mjåtvedt

Sagstadvegen 39

5919

Frøkhaug